

baie

'veldig', 'mykje', 'mange'

AFRIKAANS

Kva veit vi om afrikaans – dotterspråket til nederlandsk? Svært lite, trass det faktum at vi brukar eit afrikaans ord nesten dagleg: *rooibos*. Denne populære sørafrikanske teen tyder 'raudbusk' på norsk.

Skilnaden mellom afrikaans og nederlandsk er ikkje så stor, i alle fall ikkje når det gjeld vokabular. Om lag 90 til 95 prosent av ordtilfanget i afrikaans er av nederlandsk opphav. Men det er likevel eit ord som skil seg ut, eit av dei mest frekvente orda på språket: *baie*, som tyder 'mange', 'mykje' og 'veldig' på norsk. Der ein nederlendar seier *heel goed* 'veldig godt', seier ein sør-afrikanar *baie goed*.



Eit anna kjenneteikn ved afrikaans er mengda språkpuristiske nylagingar, til dømes *aartappelskyfies*, 'jordepleskiver', for 'potetgull'; *melkskommel* for 'milkshake'; *stokkielekker* for 'kjærleik på pinne' og *moltrein*, 'moldvarptoget', for t-bane. Det mest kjende dømet er *kameelperd* 'kamelhest', for 'sjiraff'.

Det er freistande å setja likskap mellom språkleg og rasistisk purisme. Er språklege nylagingar eit produkt av apartheid? Sjølv sagt ikkje. Om det var ein slik likskap, ville islendingane vore det mest rasistiske folket i Europa i dag. Men lånorda frå malayisk er interessante, for dei set afrikaans språk og kultur i eit perspektiv som afrikandarar ikkje alltid har vore komfortable med. Språkhistorikarar har vore usamde om korleis afrikaans vart til. Særleg afrikandarar har meint at afrikaans har gjennomgått ei naturleg utvikling liksom europeiske språk. Andre har meint at afrikaans går attende til eit «pidgin-lingua-franca», då med malayisk og portugisisk opphav. Denne mangfaldige bakgrunnen til språket er særleg tydeleg i dei fyrste tekstane vi kjenner til på afrikaans: Dei er faktisk på arabisk skrift. Det skjedde kring 1815, då muslimar bytte ut malayisk med afrikaans som undervisningsspråk på skulane sine i Sør-Afrika.


Same kor ein vender på det, kjem ein ikkje unna at språket har bakgrunn i eit Sør-Afrika med mange folkeslag, der folk av ulike kulturar gifte seg med kvarandre og lånte ord frå kvarandre. Det var nettopp dette ein prøvde å fortrenge under apartheid. Det er temaet i den kjende filmen *Skin Deep: The Story of Sandra Laing* (2009) – om eit kvitt ektepar som fekk ei farga dotter.

Kvar kjem dette ordet frå? *Baie* er innlånt frå malayisk. Det handlar om eit mørkt kapittel i sør-afrikansk historie: slavehandelen. Mange slavar kom frå Aust-Asia og tala malayisk. Etter kvart fekk malayisk status som *lingua franca* (eit fellesspråk for folk som ikkje snakkar same språk) i Sør-Afrika, ved sida av portugisisk. *Baie* er lånt frå malayisk *banyak*, som tyder 'mykje' eller 'mange'. På indonesisk heiter det *terima kasih banyak*, som kan omsetjast med 'tusen takk' på norsk. Andre lånord frå malayisk i afrikaans er *baadjie* som tyder 'jakke' og *piesang* som tyder 'banan'.

Men kvifor nemner vi indonesisk? Indonesisk (*bahasa Indonesia*) er ein standardisert variant av malayisk. Malayisk var òg eit lingua franca i dei nederlandske koloniane i Sør-Asia, det som no er Indonesia. I det sjølvstendige Indonesia (frå 1945 av) er indonesisk det offisielle nasjonalspråket. Indonesisk har fleire nederlandske lånord enn malayisk, og det er òg påverka av ymse lokale språk, som javanesisk og balinesisk.

I dag har om lag 7 millionar, både farga og kvite, afrikaans som morsmål, medan 9 millionar har det som andre eller tredje språk. Det er altså '*n baie multikulturele taal*, for å seia det på afrikaans.

Denne boktittelen er ikkje vanskeleg å forstå om ein kan norsk, engelsk og litt tysk! *Waarom* er det same som tysk *warum* 'kvifor', *kameelperd* har vi nettopp lært er afrikaans for 'sjiraff', *nek* og *is* kjenner vi igjen i engelsk *neck* og *is*, og *lank*, *ander* og *dierestories* har vi i norsk *lang*, *andre*, *dyrehistorier*. *Se i se nek* er garpegenitiv, liksom norsk *sin*: 'sin hals'.



Ronny Spaans, Institutt for litteratur, områdestudium og europeiske språk, UiO, med takk til Lars Vikør

Ordfestivalen



UNIVERSITETET I OSLO